



Vår dato:

17.03.2021

Vår ref:

2019/10027

Dykkar dato:

Dykkar ref:

Kommunal- og moderniseringsdepartementet
Alver kommune
Fiskeridirektoratet
Klima- og miljødepartementet
Miljødirektoratet
Nærings- og fiskeridepartementet

Saksbehandlar, innvalstelefon

Svein Kornerud, 5557 2027

Tilleggsmerknad etter møte - motsegn til kommuneplan for tidlegare Meland kommune - no kommunedelplan i Alver kommune - akvakultur

Vi viser til digitalt møte den 9. mars 2021 i saka.

I etterkant av møtet som vart halde den 9. mars 2021 ønskjer vi å presisere at Statsforvaltaren òg ser det som si oppgåve å medverke til at kommunane i sine arealplanar legg til rette nye og betre areal for akvakultur der dette, etter tilstrekkeleg grundige vurderingar, viser seg å vere berekraftig.

Våre vurderingar av kva vi ser på som berekraftig arealbruk tek utgangspunkt i kjent kunnskap om tilstanden til naturmangfaldet og miljøtilstanden i fjordsystemet samla. Dette gjorde vi nærmere greie for i møtet. Vi legg då òg vekt på sum-verknadane og den samla belastninga i fjordsystemet som den aktuelle arealplanen er ein del av. Vi legg vidare til grunn gjeldande statlege føringar i plan- og bygningsloven, krav i særlovar der vi har eit forvaltningsansvar og dei føringar som vi elles oppfattar må ligge til grunn som rammer for utgreiingar og for vurdering av verknaden av ny arealbruk. Særskilt vurdering av berekraft og fiskehelse internt i akvakulturanlegga og korleis driftsløyve vert gitt og forvalta innanfor planavklart areal, vert som kjent elles handtert etter sektorlovverk i etterkant.

I møtet den 09.03. vart det nemnt som ei ev. løysing å sam-lokalisere dei to akvakulturanlegga til Blom Fiskeoppdrett AS til den nordre lokaliteten deira i Herdlefjorden aust i Alver. Kommunen har som kjent foreslått å utvide dette AK-arealet i planforslaget. Konkret samlokalisering av fleire anlegg/driftsløyve her er likevel, etter det vi kjenner til ikkje tidlegare foreslått i- eller utgreidd særskilt i planprosessen. Vi har såleis ikkje hatt høve til å uttale oss om dette i prosessen og gir difor her nokre generelle merknader.

Vi kan ikkje no ta stilling til om Statsforvaltaren ville ha hatt motsegn til utvidinga som ligg i planen dersom det var kjent at ein la til grunn samlokalisering av anlegga her. Dette fordi at verknaden av ny arealbruk først må verte tilstrekkeleg utgreidd. Kommunen måtte då eventuelt først ha dokumentert at ein ved å samlokalisere drifta ikkje vil få nye eller auka negative verknader, samanlikna med drift på neverande, godkjende lokalitetar.



Per i dag har vi såleis ikkje grunnlag for å uttale oss til det aktuelle området. Vi illustrerte dette i møtet med mellom anna å vise vi til rapport frå Rådgivande Biologer AS til reguleringsplanen for flytting av AK-anlegg - Toska sør. Denne planen er etter vårt syn eit godt døme på korleis konsekvensar av flytting av anlegg kan og bør utgreiast. Vi viste til at sjølv mindre flyttingar kan gje nye, meir negative verknader på bla. spreiing av lakselus til vill, anadrom fisk sjølv om fiskehelseutfordringane i anlegga isolert sett vil bli mindre ved ei flytting. Konsekvensutgreiinga viste at å flytte AK-området litt lengre ut i fjorden, kunne gje ein litt auka negativ konsekvens for villfisk, sjølv ved same biomasse. Vi fann likevel at det i den konkrete saka kunne vere akseptabelt å endre plassering, men då med ei tydeleg innramming i føresegogene om at planen ikkje opnar for tiltak, utover gitte løyve, som kan setje statlege bestandsmål etter naturmangfaldlova og nasjonal miljøstandard etter vill-laksenorma til side. Kommunen var samd i ei slik løysing og vedtok planen med føresegner som sikra dette.

Som vi òg gjorde greie for i møtet, har vi røynsle for at flytting av anlegg kan gje auka miljøbelastning ved at ein får organiske utslepp til område med større djup og dårligare resipientforhold i fjorden. Vi har sett døme på at dette vil kunne forringe vasskvaliteten (redusere oksygeninnhaldet) ytterlegare i fjordar med dårlig vassutskifting. Herdlafjorden er ein terskelfjord og ein del av Byfjordbassenget med sine særlege og dokumenterte utfordringar knytt til vasskvalitet. Vi har peika på det både i vår oversending og i møtet. Vi viser til at Herdlafjorden og lokalitetane der har fleire miljøutfordringar for akvakultur enn det som gjeld for Toska sør. Verknaden på fjordøkosystemet av å opne nye område for utsleppsgenererande tiltak må derfor etter vårt syn vurderast uavhengig av om gjennomstrøyminga/ driftsmiljøet i AK-anlegga vert betre.

AK-føremålet som er sett av i KPA ligg vidare nokså nær terskelen, som her er på berre 15 meters djupne. Vi viser til at arealet ligg nær Herdlaflaket med tilhøyrande verneområde og at verknadane av ei eventuell utviding på verdiane her må vurderast. Dei grunne vassområda omkring Herdla har særst stor verdi for naturmangfaldet i sjø generelt, for sjøfugl og som økologisk funksjonsområde for utvandrande laks og som oppvekst-/ beiteområde for sjøaure. Det vil derfor, etter Statsforvaltaren sitt syn, vere naudsynt å vurdere område for akvakultur heilt nord i Herdlefjorden meir utfyllande enn kva som er gjort til no, før ein tek stilling til om arealet er eigna for å verte sett av til AK-føremål. Det vil vere svært uheldig å planfeste ny arealbruk med juridisk bindande verknad, dersom det er tvilsamt om føremålet med planen i ettertid kan realiserast på ein berekraftig måte og innanfor rammene av gjeldande sektorlovverk. Gjennom ei konkret vurdering vil ein òg få eit grunnlag for eventuelt å ta inn avbøtande tiltak, som å fastsetje føresegner med vilkår om berekraftig bruk av areala.

Statsforvaltaren kan derfor, slik saka er utgreidd og opplyst til no, ikkje ta konkret stilling til verknadane av ei eventuell samlokalisering. Men sidan dette kom opp som eit tema frå kommunen og frå næringa i møtet, finn vi det rett å kommentere det, som eit supplement til oversendinga elles. For vår vurdering av dei andre AK-områda i planen og motsegna elles, viser vi til saksdokumenta og orienteringa vi gav i møtet.

Med helsing

Egil Hauge
seksjonssjef

Svein Kornerud
fagdirektør



Dokumentet er elektronisk godkjent

Mottakerliste:

Alver kommune	Postboks 4	5906	FREKHAUG
Fiskeridirektoratet	Postboks 185 Sentrum	5804	BERGEN
Klima- og miljødepartementet	Postboks 8013 Dep	0030	OSLO
Miljødirektoratet	Postboks 5672 Torgarden	7485	TRONDHEIM
Nærings- og fiskeridepartementet	Postboks 8090 Dep	0032	OSLO
Kommunal- og moderniseringsdepartementet	Postboks 8112 Dep	0032	OSLO
Vestland fylkeskommune			